

ÅRSMELDING 2025



- 1.1 INNLEIING/OM FRIVILLIGSENTRALAR
- 1.2 ORGANISERING, ANSVARSOMRÅDE OG LOKALISERING
- 1.3 AKTIVITET/TILTAK
- 1.4 ØKONOMI
- 1.5 AVSLUTNING

1.1 Innleiing

Stad kommune har to frivilligsentralar: Selje frivilligsentral og Eid frivilligsentral. Stad kommune eig og driv begge frivilligsentralane og får eit årleg statstilskot frå Lotteri- og Stiftelsestilsynet. Statstilskotet kan variere og for 2025 var det på 479 612 kr per sentral. [Føresetnaden for statstilskotet](#) er at sentralen vert driven etter den nasjonale forskrifta for tilskot til frivilligsentralar, og at det statlege tilskotet utgjer maksimalt 60 % av dei totale driftskostnadane.

Formål for frivilligsentralar er formulert slik:

“Ein frivilligsentral skal stimulere til frivillig innsats, vere ein open møteplass for befolkninga og fungere som eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.”


Visjon, definisjon og arbeidsmodell – [Norges Frivilligsentraler](#) (NFS)

Saman skaper vi gode og inkluderande lokalsamfunn er sentralane og NFS sin visjon, og slagordet er: *Møte mellom menneske*.

NFS definerer ein frivilligsentral slik:

Frivilligsentraler er mangfoldige møteplasser bygget på frivillighetens premisser og lokale ønsker, ivaretatt av ansatte i samhandling med frivillige, lag & foreninger og kommune.

NFS har illustrert definisjonen i følgjande arbeidsmodell:



Meir om hovudformåla

Stimulere til frivillig innsats

Eit av hovudformåla til frivilligsentralane er å stimulere til frivillig innsats i lokalsamfunnet. Dette inneber i praksis å synleggjere frivilligheita og kva aktivitetar og behov som finst, løse interesserte til lag og organisasjonar og/eller kople dei til oppgåver og oppdrag etter deira ynskje, skape engasjement, koordinere, auke kunnskapen om og fokuset på frivilligheit, og ivareta dei frivillige.

Det handlar både om å synleggjere og rekruttere til lokal frivilligheit, og å skape eit levande miljø der frivillig arbeid veks fram naturleg, med fokus på å senke terskelen, leggje til rette for at flest mogeleg kan delta, og vise breidda av moglegheiter, slik at folk kan bidra på eigne premissar og med eigne ressursar.

Møteplass – møte mellom menneske

Frivilligheita lokalt står for den største delen av aktivitetane og møteplassane i lokalsamfunnet, og er sjølv grunnlaget for eit levande og inkluderande miljø. Ei viktig oppgåve for frivilligsentralen er å synleggjere dette og støtte opp under/leggje til rette for best mogeleg vilkår for frivilligheita.

Samtidig er frivilligsentralen i seg sjølv ein open lågterskel møteplass for alle.

Her skal det vere enkelt å stikke innom utan krav til medlemskap eller forkunnskapar – ein stad der ein kan få rettleiing vidare til aktivitetar, finne moglegheiter for å engasjere seg og møte andre menneske.

Rolla som møteplass handlar om å byggje tillit, tilhøyrslø og fellesskap. Frivilligsentralen skal vere ein trygg, inkluderande og uformell arena som motverkar einsemd og utanforskap, og som gjer det lett for folk å ta del – anten åleine eller saman med andre.

Gjennom å leggje til rette for deltaking, formidle kontakt og samarbeide tett med frivilligheita, kommune administrasjonen og andre, bidreg frivilligsentralen både til å styrke eksisterande tilbod og til å skape nye møteplassar der det er behov.

Bindeleddsmodellen

NFS har også utarbeida ein bindeleddsmodell. Som bindeledd bidrar frivilligsentralen til å styrke samhandling og samskaping mellom frivilligheita og kommunal sektor, mellom dei ulike frivillige organisasjonar og eigenorganiserte frivillige.

Med eigenorganiserte frivillige meiner ein eldsjeler/frittståande personar som ikkje nødvendigvis er knytt til eit lag eller ein organisasjon, men som har eit stort engasjement for lokalsamfunnet og ønskjer å bidra på sin måte.

Å vere bindeledd betyr å fungere som ein mellomperson/kopling mellom to eller fleire partar. Denne rolla kjem til uttrykk på mange ulike måtar i praksis. Ut frå lokale behov, moglegheiter og føresetnader.

Dette kjem tydeleg til uttrykk i arbeidet ved frivilligsentralen i Stad i 2025, slik det går fram av aktivitetane og samarbeida som følgjer (1.3 Aktivitet/tiltak).

1.2 Organisering, ansvarsområde og lokalisering

Frivilligsentralen har eit felles ansvar saman med Eid frivilligsentral om å leggje til rette for og fremje frivillig innsats i heile kommunen. Samstundes er ansvarsområda geografisk fordelte: Selje frivilligsentral har hovudansvar og er kontaktpunkt for frivillig sektor i den ytre delen av kommunen (Selje, Flatraket og Stadlandet), medan Eid frivilligsentral har tilsvarende ansvar for den indre delen. (Bryggja, Nordfjordeid og omegn) Dagleg leiar ved Eid frivilligsentral har også rolla som fagleiar.

Selje frivilligsentral har ein dagleg leiar i 100 % fast stilling som i tillegg til å drifte Selje frivilligsentral, også driftar BUA Selje (utlånsordning av aktivitetsutstyr) og administrerer lokale transportmidlar for ungdom i og for heile Stad kommune.

Selje frivilligsentral er lokalisert i 1. etasje på kommunehuset i Selje, samlokalisert med biblioteket og BUA, og frå slutten av året også Lærings- og aktivitetssenteret i Selje. I same etasje finst også danse- og treningslokale som mellom anna blir nytta til faste aktivitetar av Stad kulturskulen, Frisklivssentralen og frivilligheita. Lokala er universelt utforma og har tilgjengelege møterom som kan nyttast av lag, organisasjonar og andre.

Desse kan etter avtale lånast til aktivitetar og møter på ettermiddag og i helgar.

Aktivitetsrommet kan ein bestille for lågterskeltilbod i ledige tider.

Ein avtalar nærmare med frivilligsentralen.

Omorganisering/omstillingsprosess

Stad kommune har vore gjennom ein omfattande omstillingsprosess, der Selje frivilligsentral også har vore ein aktiv del. Særleg frå hausten 2025 har det gått betydeleg tid til prosjektarbeid, rapportering og kartlegging knytt til denne prosessen.

Dette arbeidet har kravd prioritering av ressursar og har i periodar påverka den ordinære drifta ved frivilligsentralen. I samband med innflyttingsprosessen til Lærings- og aktivitetssenteret (LA) i Selje har frivilligsentralen også gjort fleire tilpassingar for å bidra til ei god gjennomføring av prosessen.

Mellom anna vart det i ein periode, i den mest sårbare fasen av prosessen, teke pause frå å nytte lokala til arrangement og møteaktivitet. Frivilligsentralen har med dette bidrege med fleksibilitet og tilrettelegging i ein viktig fase av omstillingsarbeidet i kommunen.

Framover vil det vere behov for å sjå på moglegheiter for samarbeid og bruke tid på å finne gode former for vidare arbeid i den nye situasjonen.

1.3 Aktivitet/tiltak

Selje frivilligsentral og lokal frivillighet

Dagleg leiar ved Selje frivilligsentral har hatt ansvar for drift og utvikling av sentralen, og fungert som kontaktperson for frivillighet i sitt område (Ytre Stad kommune).

Det har vore arbeidd med å synleggjere, rekruttere og leggje til rette for frivillig aktivitet. Frivilligsentralen har hatt ei rolle som ressurs og samarbeidspart for lag, organisasjonar og enkeltpersonar som ønskte å engasjere seg eller hadde behov for bistand.

Det har også vore arbeidd med søknads- og rapporteringsarbeid, å utvikle lågterskel møteplassar, samarbeid med frivilligheita, kommunale tenester og andre aktørar for å fremje eit inkluderande og levande lokalsamfunn.

Selje frivilligsentral har samarbeidd tett med Eid frivilligsentral om tiltak, prosjekt og utvikling av frivilligpolitikk, samt arrangert faste møtepunkt mellom frivilligheita, innbyggjarar og kommunen.

Frivilligsentralen er elles engasjert i eit breitt spekter av aktivitetar, frå mindre tiltak til større prosjekt. Det er ikkje mogeleg å nemne alt, men her er eit utval av hovudaktivitetane i 2025, både ved Selje frivilligsentral og dei faste fellesprosjekta med Eid frivilligsentral:

BUA Selje

Selje frivilligsentral driftar BUA Selje.

BUA står for Barn og Unge i Aktivitet, og er ei gratis utlånsordning av aktivitetsutstyr for alle. Formålet med BUA er å gi barn, unge og vaksne høve til aktivitet uavhengig av økonomi. Ordninga fremjar inkludering, folkehelse og berekraft gjennom deling og gjenbruk av utstyr.

Statistikk for BUA Selje: Tal utlånt utstyr: 1213 Nye brukarar: 110

Det vart handla inn nytt utstyr for 65.000 kr ved bruk av eksterne midlar. (Sjå 1.4 Økonomi)

Statistikken syner at vi har meir utlån enn i fjor. Årsak til dette er betre lokale og gode opningstider grunna samarbeid med biblioteket, og ein ekstra fin sommar med sommarhjelp i BUA, har også vore positivt for aktiviteten.

LTU – Lokal transporttilbod for ungdom

Selje frivilligsentral har ansvar for å administrere transportmidlar for ungdom i Stad kommune. Dette inneber søknad, organisering og rapportering.

Stad kommune fekk 150 000 kr frå Vestland fylkeskommune i tilskot for 2025.

Det vart brukt totalt 166 854 kr. Utgiftsført moms 16 854 kr. Avsetning til LTU fond: 9 812 kr. Midlane har i hovudsak gått til transport til og frå ungdomsklubbar i Stad kommune.

Middagskøyring

Dette året har middagskøyringa i ytre del av Stad kommune endra seg ein del.

Eit nytt samarbeid mellom Helse og Bu og miljø, frigjorde store deler av behovet for frivillige middagskøyrarar. På slutten av 2025 vart dette tiltaket sett på pause.

Det er snakk om andre oppgåver ein kan vurdere, som til dømes det å levere bilar på verkstad og liknande.

Språkkafé og inkluderingsmidlar

Selje frivilligsentral fekk 9 000 kr til inkluderingsmidlar/språktreningsmidlar. Desse midlane brukte vi til Språkkafé, som vi har lang tradisjon på å arrangere. Der samarbeida vi med biblioteket, vaksenopplæringa, frivillige Stadvener og ofte også Selje sanitetsforeining. Vi har hatt seks arrangement, og talet på deltakarar på språkkafé har variert frå 5 stk. til over 25 stk. I juni reiste vi på tur til Selja kloster. Vi var 13 deltakarar. Sola skein og vi hadde ein svært vellukka tur. Vi gjekk frå Bø til klosteret, snakka med munkane som jobba på øya. Munkane vart med opp til Sunnivahola og framførte Sunniva hymna på latin for oss.



Vi hadde elles språkkafé på frivilligsentralen/biblioteket og i Selje prestegard.



Valfaggruppa Innsats for andre – unge frivillige

Selje frivilligsentral starta samarbeid med valfaggruppa *Innsats for andre* ved Selje skule i 2024. Då arbeidde elevane med oppussing og organisering av nytt BUA-lokale. I 2025 har ein hatt kontakt knytt til gratisbutikk, og frivilligsentralen har også bidrege til å finne andre oppdrag til elevane, basert på deira interesser og ønskje. Tre representantar frå *Innsats for andre* deltok aktivt i programmet på Frivilligkvelden, den årlege møtestaden mellom frivilligheita og kommuneadministrasjonen. Elevane deltok også på møte med frivilligsentralen med tema ungdom og frivilligheit.

Aldersvenleg frivilligheit – midlar til lågterskel møteplassar:

Selje frivilligsentral søkte og fekk midlar frå Norges frivilligsentralar si tilskotsordning for aldersvenleg frivilligheit og lågterskel møteplassar.

Det vart først arrangert eit ope møte der Stadlandet pensjonistlag, Selje pensjonistlag, Selje bygdeutviklingslag, Selje sanitetsforeining, turlag, Røde Kors, badelag og eigenorganiserte frivillige deltok. På møtet vart ein enige om å arrangere nokre faste treff framover, med to ulike tema med ein felles lunsj i mellom. Først vart det sett opp møte med tema aldersvenleg frivilligheit og lågterskel møteplassar, deretter eit møte med tema ungdom og frivilligheit. Mellom møta var det lagt opp til ein felles lunsj med deltakarar frå begge møta. Gjennom prosjektet har generasjonar møtt kvarandre, og det har kome fram viktige innspel som vert tekne med vidare i arbeidet med revidering av frivilligpolitisk plattform.

Prosjektet har og resultert i to nye tilbod: ein gratisbutikk for kle i regi av valfaggruppa Innsats for andre, og ein sy- og fikseverkstad i samarbeid mellom frivilligsentralen og frivillige. Midlane vart nytta til bevertning og til innkjøp av utstyr til syverkstaden.

Samarbeid med kriminalomsorga:

Selje frivilligsentral vart kontakta av kriminalomsorga med spørsmål om vi hadde oppgåver som kunne utførast i forbindelse med ei samfunnsstraff.


Etter samarbeidsmøte vart ei avtale oppretta, og samarbeidet om eit prosjekt var i gang.

Arbeidet vart utført på ein eksemplarisk måte og var til svært god hjelp.

Dette har vore eit positivt samarbeid.

Julemiddag på Frimannsbuda i Selje

Takka vere gåvemidlar frå Nordfjord AS og Selje sanitetsforeining fekk vi til eit nydeleg samarbeid med kyrkja og Frimannsbuda i Selje. Det vart ikkje feira på sjølve julaftan, men vi fekk til ei fin samling med julemiddag, pakkeleik og Stadlandet spelemannslag som spelte opp til dans.



Aktivitet, tiltak og prosjekt i samarbeid med Eid frivilligsentral

Nyhendebrev

Frivilligsentralane i Stad sender ut nyhendebrev til frivillige lag og organisasjonar. Det vart sendt ut fire nyhendebrev via Stad foreiningsportal.

Stad foreiningsportal

Foreiningsportalen er ei nettside der alle lag og organisasjonar i Stad kommune har sin eigen profil med ein kalenderfunksjon.

Nettsida har også profilar for kommunale lågterskeltilbod som frivilligsentralane, bibliotek, BUA og Frisklivscentralen.

Frivilligsentralen jobbar stadig med at frivilligheita aktivt skal nytte denne plattformen og bidrar med opplysning, opplæring og hjelp v/behov.

Frivilligkveld

Frivilligkveld er ein årleg møtestad mellom frivilligheita i Stad kommune og administrasjonen i Stad kommune. Det er frivilligsentralane i Stad (Selje og Eid) som planlegg, gjennomføra og koordinera arbeidet i dette tverrfagleg samarbeidet.

Frivilligkvelden vart i år arrangert 19. mars i Bryggja Grendahus.

Hovudtema var frivilligpolitisk plattform, stifting av interimsstyret Frivilligråd i Stad og «Speed dating» mellom kommunetilsette og frivillige.

Rundt 80 påmeldte frå ulike frivillige organisasjonar i Stad kommune, representantar frå ungdomsskulevalfaget Innsats for andre og tilsette i mange ulike tenester i kommuneadministrasjonen.



Frivilligpolitisk plattform og Frivilligråd

I den frivilligpolitiske plattformen står det at Stad kommune skal ha eit Frivilligråd. Det vart vedteke å først etablere eit interimsstyre. Representantar kunne melde si interesse og bli valde under frivilligkvelden. Det var viktig at frivilligheitene var i fleirtal, og at styret fekk representantar frå heile kommunen, med ei brei samansetjing av ulike typar frivillig aktivitet.

Desse vart valt og sit i interimsstyret: Frå frivilligheita: Ove Bjørlo (Fellesanlegget - Tua, Eidsbygda skyttarlag, Eid JFL og Eid IL), Hilde Hoddevik (Eid musikklag), Anne Karin Bjørkelo (Eid Røde kors Omsorg), Merethe Stave (Stadlandet Grendahus, Leikanger Sokneråd og Stad sjøredningsklubb), Stein Bjørhovde (Stad idrettsråd) Maria Cecilie Nesheim Årdalsbakke (4H og Ungdom rep)

Frå kommuneadministrasjonen Stad kommune: Kristin Aarsnes (leiar for Strategi og samordning), Geir Holmen (Leiar for kulturavdelinga), Maria Helgesen (Dagleg leiar Selje frivilligsentral) og Astrid Grete Torheim (Dagleg leiar Eid frivilligsentral)

Interimsstyret skal saman finne ut mandat og retningslinjer for rådet.

Den frivilligpolitiske plattformen i Stad kommune må reviderast og er ei naturleg sak også for Frivilligrådet å engasjere seg i.

Sommarjobb og sosiale møteplassar/sommaraktivitetar

Gjennom støtte frå Gjensidigestiftelsen og Barne-, ungdoms direktoratet kunne vi lyse ut sommarjobbstillingar for ungdom, og to stillingar som arbeidsleiarar for unge vaksne.

Totalt fekk 15 ungdommar prøve seg i arbeidslivet som sommarhjelp i ungdomsaktivitetar. Arbeidsleiarane hadde ansvar for oppfølging av ungdommane og for å koordinere samarbeid med lokale frivillige organisasjonar som arrangerte sommaraktivitetar for barn og unge, både i ytre og indre del av kommunen.

Ungdommane hadde også ansvar for drift av BUA



Julegledeprosjektet – Stort samarbeidsprosjekt

Dette er det største samarbeidsprosjektet frivilligsentralane har i Stad, og eit arbeid som krev innsats frå mange for å lukkast. Det vart fordelt 180 matkasser til hushaldningar, 104 gåver frå Ønskjetreet, 228 juleglede-gåvekort og ei rekkje gåver «til ein ukjend» – ei lita auke frå fjoråret.

Prosjektet er heilt avhengig av eit breitt og godt samarbeid, og av innsatsen frå mange frivillige, tilsette i kommunen, næringsliv og engasjerte innbyggjarar i heile kommunen. Desse var med å koordinere, bidra med støttemidlar, gåver og dugnadsinnsats i julegledeprosjekta:

Eid Røde Kors Hjelpekorps og Eid Røde Kors Omsorg, Selje Røde Kors Hjelpekorps, Selje Røde Kors Omsorg, Selje Sanitetsforeining, Nordfjordeid sanitetsforeining, Bryggja Sanitetsforeining, Kjølsdalen Sanitetsforeining, Lions Nordfjordeid, eigenorganiserte frivillige, Alti, Stad vekst, privatpersonar og familiar, Stadlandet skule, Nordfjord AS, Sparebanken 1 Sogn og Fjordane, Trekaffien v /Ervik Sokn, Fiskevegn, Sparebanken Norge Teneste i Stad kommune: NAV Nordfjord, Barnevernstenesta i Stad, skulehelsetenesta i Stad, Opplæring og integrering i Stad, Bu og miljøtenesta i Stad, kyrkja i Stad, Selje frivilligsentral og Eid Frivilligsentral.



Deltaking i team og på fagsamlingar:

Frivilligsentralane i Nordfjordregionen samarbeider gjennom nettverkssamlingar for å utveksle erfaringar og styrke frivilligarbeidet, både i eigen sentral og på tvers av kommunegrensene. Nettverket rullerer på kvar møta vert haldne rundt om i Nordfjord. Selje frivilligsentral og Eid frivilligsentral deltok på nasjonal fagsamling for frivilligsentralar på Gardermoen i april.

I juni arrangerte vi ei todagars samling i Selje, med fagdag, overnatting på Selje prestegard og tur til Selja kloster.

Fagsamlinga i Selje vart finansiert med kompetansemidlar frå Norges frivilligsentralar.

1.4 Økonomi

Samandrag

- Driftsinntekter: **1 167 918 kr**
- Driftsutgifter: **1 552 202 kr**
- Eigenfinansiering: **384 283 kr**
(Budsjettert: 411 622 kr)

Selje frivilligsentral har hatt eit mindreforbruk på **27 336 kr**, med eit totalt forbruk av budsjettet på **93,36 %**.

Inntekter – tilskot og gåvemidlar 2025

Offentlege tilskot

- Statstilskot: 479 612 kr
- Digitaliseringsdirektoratet: 175 000 kr
(overført til fond for prosjekt i 2026, både i Eid og Selje frivilligsentral)
- Vestland fylkeskommune (lokale transportmidlar for ungdom): 150 000 kr
- Gjensidigestiftinga (sommarjobb og møteplass for ungdom): 130 000 kr
- Barne- og ungdomsdirektoratet (BUA Selje): 50 000 kr
- Norges frivilligsentralar/ NFS (inkluderingsmidlar/språktrening): 9 000 kr
- NFS (aldersvenleg frivilligheit og lågterskel møteplassar): 8 800 kr

Lokale gåvemidlar

- Fiskevegn: 10 000 kr
- Nordfjord AS: 25 000 kr
- Selje sanitetsforeining: 14 563 kr
(til BUA Selje, møteplass/språkkafé og julegledeprosjekt)
- Stadlandet skule: 13 195 kr
(innsamling til julegledeprosjekt)
- Utdanningsforbundet: 5 000 kr
- Ervik sokn: 5 870 kr

Bruk av gåvemidlar

Ein del av gåvemidlane vart overført til Eid Røde Kors, som har ansvar for matkasse- og julegledeprosjektet.

Noko vart nytta til julegåver i prosjekta Ønskjetreet og «Gåve til ein ukjend».

Resterande midlar vart ved årsskiftet overført til fond for bruk i 2026.

1. 5 Avslutning

Takk til alle frivillige lag og organisasjonar som skaper eit mangfald av tilbod og aktivitetar for alle – rundt om i bygdene, på baner, i grendahus og på ei rekkje møteplassar der menneske kan møtast.

Og takk til alle som stiller opp, tek initiativ og engasjerer seg – de gjer ein forskjell og bidreg til å skape eit trygt, aktivt og levande lokalsamfunn.

Tusen takk for alle samarbeid, støtte, initiativ og engasjement som har gitt konkret verdi for arbeidet i frivilligsentralen og for heile lokalsamfunnet.

Dagleg leiar
Maria Helgesen